



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Teknisk utval	

Sakshandsamar:	Teknisk, miljø og landbruk	Thomas Skår
Avgjerslemynde:	Arkivnr.: 17/997	Klassering:

Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Masfjorden kommune - til offentlig ettersyn

Masfjorden kommune gjer vedtak om å sende lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg ut på offentlig ettersyn i 6 veker i medhald av forvaltningslova § 37.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Teknisk utval gjorde vedtak på at det skulle verte igangsatt arbeid med lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Masfjorden kommune i møte 06.11.2017 under saknr 024/2017. Forskrift er no utarbeidd og klar til å bli lagt ut på offentlig ettersyn.

Fakta

Grunngjeving for å starte opp arbeid med å utarbeide lokal forskrift er for å oppnå dei måla som er satt i Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021. Lokal forskrift er heimla i Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) § 9 jf. Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 12-6, og Lov om behandling i forvaltningssaker § 37.

Lokal forskrift vil gjere at kommunen får god rutine for å handtere utsleppssaker, men også for å stå juridisk og fagleg sterkare i denne delen av forvaltninga.

Masfjorden kommune handsamar i dag søknadar om utslepp av sanitært avlaupsvatn etter forurensningsforskrifta kapittel 12. Ved å vedta eiga forskrift, vil utslepp verte tilpassa tilhøva i kommunen.

Vurdering

I regional plan for vassregion Hordaland er fleire av vassførekomstane i Masfjorden kommune klassifisert i moderat tilstand. Rådmannen legg dette til grunn og ser det som naudsynt å vedta ei lokal forskrift om separate utslepp frå mindre avløpsanlegg for å tilpasse dei stadeigne tilhøva.

Vidare legg rådmannen til grunn at kommunen er ureiningsmynde og er pliktige etter sitt ansvarsområde å sette i verk tiltak for å nå miljømåla til vassførekomstane i kommunen jf. vassforskrift § 29. Ein lokal forskrift må difor ta utgangspunkt i dei vedtekne miljømåla for

vassførekomstane i kommunen.

Rådmannen vurderer difor at lokal forskrift vil vere eit godt hjelpemiddel i handsaming av utsleppsløyve for mindre avlaupsanlegg og bidra til å gjere søknadsarbeidet lettare, men og sikra lik handsaming av søknader.

Konklusjon

Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Masfjorden kommune vert sendt ut på offentleg ettersyn i medhald av forvaltningslova § 37.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost